

Arne Kristian Kolstad

Fra: bent.stensaker@multiconsult.no
Sendt: 27. november 2014 13:47
Til: Arne Kristian Kolstad
Emne: FW: JoSEPP - Planprogram revidert etter høyring
Vedlegg: Oljeledning Bergsvikhamn-Mongstad-Planprogram-rev 26112014.docx; JoSEPP innkomne merknader planprogram.pdf

Som avtalt

Bent

From: Stensaker, Bent
Sent: 26. november 2014 17:21
To: 'Christian H. Reinshol <Christian.Reinshol@lindas.kommune.no> (<Christian.Reinshol@lindas.kommune.no>); Asbjørn Nagell Toft (<asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no>)
Subject: JoSEPP - Planprogram revidert etter høyring

Hei

Vedlagt følger planprogram for oljerørledningen mellom Bergsvikhamn og Mongstad. Planprogrammet er revidert i forhold til innkomne merknader. Ved utløpt merknadsfrist var det kommet inn følgende merknader som omtalte planprogrammet (se vedlegg):

- Hordaland Fylkeskommune
- Naturvernforbundet Nordhordland
- Innspill fra innbyggerne i Keilen
- Statens vegvesen

Merknadene er i stor grad tatt til følge. Utførte endringer/tilføyelser i forhold til «høringsutgaven» er vist med rødt.

Håper det oversendte er tilfredsstillende for den videre saksbehandlingen og håper på en godkjenning av planprogrammet i både Austrheim og Lindås kommune den 10.12.2014.

Har dere kommentarer/spørsmål hører vi gjerne fra dere snarest.

Med vennlig hilsen

BENT STENSAKER
sivilarkitekt MNAL
Arealplan og utredning
Samferdsel og infrastruktur

(+47) 98 23 98 76 | bent.stensaker@multiconsult.no
www.multiconsult.no

Multiconsult



ABO Plan og arkitektur AS
Postboks 291
5203 OS

Dato: 14.11.2014
Vår ref.: 2014/21104-13
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram, detaljregulering for Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad - Lindås og Austrheim kommune

Vi viser til brev datert 18. september 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad, med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er å regulere den delen av oljerørtraseen frå Johan Sverdrup-feltet til Mongstad som går over land. Føremålet er i strid med kommuneplan. Kommunane har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing. Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet og oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Akvakultur
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Klima og energi
- Kulturminne
- Landskap
- Strandsone
- Samferdsel
- Vassforvaltning

Meir om barn og unges interesser

Vi ber om at konsekvensar for barn og unge vert vurdert.

Meir om strandsone, landskap, friluftsliv og biologisk mangfald

Landskapet i Austrheim er flatt og relativt ope med mykje strandsone. Inngrep blir derfor lett synlege og varige inngrep og installasjonar må difor visualiserast godt i planomtala. Det må vera eit mål å minimalisera dei fysiske inngrepa.

Planområdet ligg innafor og nært til fleire regionale friluftsområde. Strandsona i Hoplandsosen verdsett som «viktig», Fosnstraumen er verdsett til «svært viktig» og marka til Hoplandskvernene til «viktig». Dette må takast omsyn til.

Innslaget ved Førlandsvatnet har konfliktpotensiale når det gjeld landskap, fisk og friluftsliv. Vatnet og området har lokal verdi som rekreasjonsområde (fiske og turgåing). Det må takast omsyn til desse

verdiane, og dei fysiske inngrepa må vera minst moglege.

Biologisk mangfald og fisk er per i dag ikkje godt nok kartlagt langs traseen for røyrleidningen, men det er registrert både oter og havørn i Bergsvikhamna og storspove i myrane før innslaget ved Førlandsvatnet, som har ein god bestand av storkaksen aure. Når det gjeld fisk og oter, må ein vera særleg merksam på konsekvensane av steinstøv frå tunnelboringa.

Meir om klima

Det vil bli relativt stort masseoverskot som følgje av tiltaket. Det er eit mål i prosjektet å bruka desse overskotsmassane lokalt. Det kan føra til mindre klimagassutslepp og vil difor vera positivt så lenge deponia ikkje får uheldige konsekvensar for landskap og biologisk mangfald. P.g.a. negative klimaeffektar må ei unngå deponi i myrområde.

Meir om samferdse

Vi viser til merknader frå Statens vegvesen der dei for Fv 565 ber om at planområdet vert noko utvida for å ivareta tiltak for mjuke trafikantar. For kryssinga av Fv 57 gjer ein merksam på arbeidet med reguleringsplanarbeid for gang- og sykkelveg frå Lindås til Mongstad, og at ein må samkjøre denne med planen for oljerøyrleidning.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Hordaland fylkeskommune vil minne om at planen, når den kjem på offentleg ettersyn, ikkje må vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi.

Det ligg fleire SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet. Vi ber om at verneverdien av bygningane vert vurdert og teke omsyn til i den vidare planprosessen.


Bergens Sjøfartsmuseum har varsla krav om marinarkeologiske undersøkingar i tiltaksområda i sjø. Museet gjennomførte dei marinarkeologiske undersøkingane 07.10.-08.10.2014. Konklusjonen frå undersøkingane er at det vart gjort funn som omfattast av kulturminnelova § 14, to ballastrøyser. Kulturminna vert ikkje råka av det føreslåtte arealinngrepet. Bergens Sjøfartsmuseum har derfor ingen vidare merknader til reguleringa.

Før oppstartsmelding av 16.09.14 har Hordaland fylkeskommune hatt kontakt med Statoil v/Kari Stokke i saka når det gjeld arkeologiske registreringar etter §9 i kulturminnelova. Vi har fått sendt over planlagt trasé for oljerøyrleidning, rute A og rute B, samt fem ulike tiltaksområda, 1, 2b, 2c, 3 og 4, frå Bergsvikhamn i Austrheim til Mongstad i Lindås kommune (sjå vedlagt kart). Leidningen blir dels nedgrave i marka og går dels i tunnel. Hordaland fylkeskommune har utført registreringar etter § 9 i kulturminnelova i ein 40 meter brei korridor langs røyrtraséen som går i dagen, samt i tiltaksområda. Dei arkeologiske registreringane er ferdigstilt i veke 44. Vi gjer merksam på at undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova ikkje er oppfylt i heile planområdet. Dersom planområdet ved offentleg ettersyn avvik frå undersøkte område vil Hordaland fylkeskommune vurdere om det er trong for ytterlegare §9-registreringar.

Det er gjort funn av eitt nytt automatisk freda kulturminne i arealet som er registrert, ein steinalderbuplass med Askeladden id 178933. Det automatisk freda kulturminnet ligg i tiltaksområde 2c (sjå vedlagt kart). Vi ber om at denne blir teke omsyn til i den vidare planprosessen. I utgangspunktet skal automatisk freda kulturminne bevarast i plan med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, samt omsynssone c (vern av kulturmiljø) og d (bandlegging etter kulturminnelova). Dersom planen ikkje let seg justere for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon frå kulturminnelova. Tilråding om dispensasjon føreset at Hordaland fylkeskommune kan seie seg samd i arealbruken i planen. Det er Riksantikvaren som dispensasjonsmynde etter kulturminnelova som avgjer eventuell dispensasjon og vilkår når planen er til offentleg ettersyn. Vi gjer merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gjeve på vilkår av nærare arkeologiske granskingar, og at det etter

kulturminnelova § 10 er tiltakshavar som må dekke kostnader til slike.

Vi ber om at tiltakshavar tek kontakt med Hordaland fylkeskommune v/Kultur- og idrettsavdelinga når det føreligg arealdisponering i planen, slik at løysingar for automatisk freda kulturminne kan drøftast før planen blir lagt ut til offentlig ettersyn.



Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på akvakultur, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, klima og energi, kulturminne, landskap, strandsone og vassforvaltning. Vi har førebels merknader når det gjeld barn og unges interesser, strandsone, landskap, friluftsliv og biologisk mangfald klima og kulturminne, og ber om at merknadene vert take omsyn til i den vidare planprosessen.

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen
Jan Nordø, Regionalavdelinga, Klima- og naturressursseksjonen
Vigdis Berge, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum
Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum
Nils Egil Grude, Samferdselsavdelinga, Transportplanseksjonen

Kopi til:

Austrheim kommune

Fylkesmannen i Hordaland

Lindås kommune

Statens vegvesen - Region Vest

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

31. oktober 2014

ABO Plan & Arkitektur AS
Postboks 291
5203 Os

Merknader til planprogram for oljerørledning frå Johan Sverdrup frå Bergsvikhamna gjennom Austrheim til Mongstad

Naturvernforbundet vil be om at ein i planprogrammet tek særleg omsyn til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø og friluftsliv.

Landskapet i Austrheim er flatt og ope, og inngrep blir lett synlege. Det gjeld særleg ved innslag i strandsona og høgdedrag på tvers av dei geologiske strukturane, som i Austrheim går nordvest, medan mykje av oljerørtraséen går nordaust.

Naturvernforbundet vil ikkje akseptera store synlege inngrep i strandsona ved landfall i Bergsvikhamna. Eit større inngrep her med store installasjonar vil verta svært synleg frå Hoplandsosen og øydeleggja ei naturperle i ei av dei lunaste vikane i den vindeksponerte osen. Frå før er det svært få inngrep i strandsona i Hoplandsosen, som har eit urørt preg og er mykje nytta til friluftsliv med båtutfart, fiske og turaktivitetar på steinalderstiane frå Fosnstraumen og utover.

Naturvernforbundet vil difor krevja at landfallet i Bergsvikhamna skjer gjennom tunnel utan inngrep i strandsona og utan store installasjonar på land. Det undersjøiske tunnelinnslaget må koma på større djupne på utsida av terskelen til Bergsvikhamna slik at ein ikkje gjer skade på botnvegetasjon, fisk og anna biologisk mangfald i den nokså grunne vika. M.a. er det jamnleg observert oter og havørn i og rundt Bergsvikhamna, og her er gode garn-, ruse- og teineplassar.

Når det gjeld anleggsveggar og riggområde er det positivt at planprogrammet legg opp til tilbakeføring av landskapet. Det er likevel kome innspel om vidareføring av nokre av anleggsvegane til turbruk. Naturvernforbundet er ikkje negativ til det så lenge det ikkje går ut over landskap, biologisk mangfald og landbruk. Det er mangel på gode turveggar i utmark i Austrheim. At nokre av anleggsvegane blir neddimensjonerte til slik bruk trur vi vil føra til større naturoppleving og naturglede.

Tunnelføring av oljerøret vil medføra mykje utsprenging av stein og store massedeponi. Naturvernforbundet føreset at deponia vert regulerte etter plan- og bygningslova med reguleringsplan og konsekvensvurderingar for landskap og biologisk mangfald.

I Austrheim er det sterkt omstridde planar om steinuttak i natur- og friluftsområda i Øksnes- og Årasmarka. Naturvernforbundet og fleire politisk parti kjempar for å stoppa desse planane. Steinmassar frå Johan Sverdrup-traseen plassert i deponi til seinare bruk i anleggsarbeid i Austrheim, kan spare Øksnes- og Årasmarka for øydeleggjande inngrep samstundes som lokale entreprenørar vert sikra nok stein. Føresetnaden er at deponia ikkje kjem i konflikt med viktige naturverdiar.

Med helsing
Jan Nordø
Leiar

Innspill på plan og oppstart av planarbeid frå innbyggjarane i Kjeilen.

Innspel og merknader til detaljregulering for Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad frå Kjeilen Vel.

Innspel og merknader er retta mot planprogram og varsel om oppstart av planarbeidet.

Kjeilen Vel presiserer at innspel og merknader ikkje er avgrensa til det som kjem fram i dette brevet.

Innspel

Planprogram og oppstart av planarbeid må sikre permanente løysningar som sikrar vassforsyninga i området og til husstandane før aktivitet med tilrigging og tunelldriftek tek til.

Tidsangitt ref. avsnitt 5, samfunnsmessige konsekvensar side 13.

«Rapporten omtaler vasskjelder i området som ein utfordring.

Varig forureining av sjøvann som kan trekkje inn i grunnvatnet under eller etter slik aktivitet er ikkje ukjent. I tillegg kan det bli reduksjon av vassmengder m.m.

Merknader

Vår kommune, Lindås, var ikkje innkalla til grunneigarmøtet 14.8 2014.

Lindås er vår kommune og for oss er det viktig at dei blir kalla inn til møter – for å høyra – men også for å kunna stilla spørsmål og koma med innspel.

Kjeilen er lite omtala som berørt part i utbyggjing ut over vassforsyning.

I rapporten er djupna på borehol sett til 109 meter.

Ein kjenner til borehol på opp mot 140 meter i området.

Talet på borehol og brønner er ikkje klårlagt.

Mange av borehola er «sprengt i boten».

Det er etablert avtale mellom kommunane Austrheim og Lindås om tilrettelegging for tilkopling av vassledning til Kjeilen. Avtalen er datert 02.01.1986.

Kjeilen vil bli berørt av aktiviten fra omtalt «tilrigging av tunellpåhugg ved Hopevaten» Tidsangitt ref. avsnitt 5, samfunnsmessige konsekvensar side 13.

Dette vil berøre tilkomst til veg for både mjuke trafikantar og kjørande. Trafikktryggleik er eit stikkord her. Tilførselsveg til Kjeilen går over Austrheim kommune og kjem inn i Lindås kommune på brua som går over Kjeilesundet.

Vegen er skuleveg for borna våre og einaste veg for private og næringsdrivande i Kjeilen.

Som nabo, både i utbyggingsperioden på 3-5 år, og permanent drift, gjer ein merksam på følgjande:

- Ved bruk av tunge maskiner og reiskap i anleggsperioden kan vegen vere særleg farleg for borna våre. Det er difor eit krav at det må leggjast til rette for skuleskyss i anleggstida for alle som går på skulen
- Det er einestader i anleggstraseen. For at dei fastbuande skal bli minst mulig råka – må det vurderast om det skal gå føre seg anleggsverksemd etter «mørkets frembrudd» og på helgedagar.

Med dette som bakgrunn ser Kjeilen Vel fram til eit godt samarbeid som i varetek både innbyggjar i Kjeilen og utbyggjar sine behov i eit langsiktig perspektiv.

Ein bed om tilbakemelding frå utbyggjar om merknadane vert tatt til følgje.

For Kjeilen Vel


Odd Mikal Søreide

Kjeilevegen 172

5953 Fønnes



Statens vegvesen

Abo Plan & Arkitektur
Postboks 291
5203 OS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Anne Marta Espelund - 55516432

Vår referanse:
2014/114826-006

Dykkar referanse:

Vår dato:
31.10.2014

Uttale - Austrheim kommune.

Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram for Johan Sverdrup Oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad.

Viser til brev frå dykk dagsett 16. september 2014: *Austrheim- og Lindås kommune – Fetaljregulering for Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad – oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram.*

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er i første rekke knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Saka gjeld

Føremålet med planarbeidet er å regulere den delen av oljerørtraseen frå Johan Sverdrup feltet til Mongstad som går over land. Oljerørledninga vil krysse fylkesvegnettet to stader, om lag ved fv 565 hp 6 km 4,750 og fv 57 km 9,800 (alt. 1) eller km 9,350 (alt. 2). Det må òg leggjast til rette for avkøyrslar til områda både i anleggsfasen og til permanent bruk.

Arealpolitiske føringar for planarbeidet

Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging skal leggjast til grunn i den delen av planlegginga som vedkjem fylkesvegnettet. Noko av målet i retningslinjene er at planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Planprogram

Etter vår vurdering omtalar planprogrammet grovt sett dei viktigaste av våre veginteresser. Vi vil likevel påpeike at det bør gå tydeleg fram at det gjennom planarbeidet skal utredast konkrete løysingar for dei stadene anlegget skal krysse offentleg veg, jamfør punkt 2.4. Tilhøva til mjuke trafikantar bør òg omtalast i planprogrammet.

Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeidet med reguleringsplanen

Regulering av riks- og fylkesveganlegg

Statens vegvesen sine handbøker skal leggjast til grunn i all regulering av fylkesvegnettet. Konkrete kryssløysingar og trafikktiltak må avklarast som ein del av planarbeidet. Det må spesielt fokuserast på tiltak for å sikre mjuke trafikantar.

Fylkesveg 565

Vi vil rå til at planområdet vert utvida noko ved fv 565, for å kunne vurdere tiltak for mjuke trafikantar på strekninga Litleindås-Solend.

Fylkesveg 57

Det er nyleg starta arbeid med å regulere gang- og sykkelveg frå Lindås til Mongstad. Kontaktpersonar for denne planen er Fredrik Flatås (fredrik.flatas@vegvesen.no) og Tonje Vabø (tonje.vabo@vegvesen.no). Ein må samkjøre desse to planane. I prosjektstyringsplanen er følgjande standardkrav fastsett, som òg må gjerast gjeldande i reguleringsplanen det no vert varsla om:

Tabell 2.1: Standardkrav

| | |
|--|---|
| Dimensjoneringsklasse: | U-H4 (figur D.3) |
| Fartsgrense: | 80 km/t (60 km/t på en kortere del av strekningen) |
| Dimensjonerende trafikk (ÅDT) / årstall: | Lindås – 3810 og Mongstad 3052 (2014) |
| Dimensjonerende trafikk (ÅDT) +20 år: | Lindås – 5300 og Mongstad 4100/TT=12% (2037) |
| Dimensjonerende kjøretøy/kjøremåte: | VT/Kjøremåte A |
| Andel tungtrafikk / årstall: | Lindås - TT=10% og Mongstad - TT=11% (2014) |
| Andel tungtrafikk +20 år: | Lindås - TT=12% og Mongstad - TT=12% (2037) |
| Vegbredde (kjørefelt+skulder): | 3,5 m kjørefelt + 1 m skulder + 1 m forsterket midtoppmerking |
| G/s-veg bredde: | 3,5 m (3 m + 0,25 m x 2) |

Rekkeføljekrav

Vi vil vurdere kva rekkeføljekrav som må stillast i føresegnene når omfanget av planen vert konkretisert.

Medverknad frå Statens vegvesen i vidare planarbeid

Vi stiller gjerne på møter for å drøfte ulike løysingar. Når planen vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn og det ligg føre eit konkret planframlegg vil vi vurdere denne opp mot våre veginteresser og uttale oss på vanleg måte.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marta Espelund
Anne Marta Espelund

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, regional@hfk.no
Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskap, fmhopostmottak@fylkesmannen.no